

## Emneevaluering Logo 310 – Høst 2014: oppsummering

15 av 19 studentar har svart på evalueringa. Svara i fulltekst har blitt distribuert til fagmiljøet. Dette er ei oppsummering som er meint å reflektere essensen av tilbakemeldingane.

### 1. *Er du nøgd med læringsutbyttet på Logo 310?*

Mange (12) studentar synest dei har hatt ei bratt læringskurve i haust, og dei har lært mye. Noen meiner kurset har vore for intensivt og samansett, og at læringsmåla har vore for vase.

### 2. *Er du nøgd med utbyttet av forelesingane/seminara?*

Jamnt over er studentane nøgde med forelesingane. Dei meiner likevel at lingvistikken har fått for lite plass, og burde kome tidlegare i semesteret, slik at ein kan få meir tid til å la faget modnast. Nevrologi og nevropsykologi får spesielt ros.

### 3. *Er du nøgd med utbyttet av PBL-arbeidet?*

Noen er nøgde, mens ein del ikkje synest dei har fått nok ut av PBL-arbeidet. Ei mogleg årsak er at det har vore for få PBL-rettleiarar i haust.

### 4. *Er du nøgd med eigen innsats?*

Studentane er nøgde med eigen innsats, og meiner dei kunne ikkje arbeidd hardare. Ein student nemner at det hadde vore kjekkare å meistre PBL betre.

### 5. *Studentane har brukt mye tid på å forstå samanhengen mellom læringsutbytteformuleringane og litteraturlista.*

Somme ønskjer seg forslag til lesing for kvar økt, andre forstår kvifor formuleringane må vere vase. Somme har hatt vanskar med å sjå samanhengen mellom det som har vore tema på forelesingar og PBL-øktene. Det blir òg ønska eit tydelegare logopedisk perspektiv på undervisinga.

### 6. *Korleis var arbeidsbyrda fordelet ut over semesteret?*

Studentane nemner at Logo 310 ikkje har vore heilt samkjørt med Hel320, og at midten av oktober blei veldig travel fordi det var innlevering av Hel 320 då. Elles tyder svara på at arbeidsmengda har vore relativt greitt fordelt gjennom semesteret.

### 7. *Var det ei logisk rekkefølgje mellom emna?*

Eit konkret forslag, med støtte frå andre studentar, er å ha lingvistikk først, så nevropsykologi, ØNH og EBP til sist.

### 8. *Har du andre tilbakemeldingar du ønskjer å komme med?*

Noen foreslår å dele kurset opp i mindre einingar, slik at det blir mindre samansett. Ein del var misfornøgde etter eksamen og meiner den ikkje gav høve til å få vist det ein kan, at noen emne blei for overflatisk prøvd ut, mens t.d. EBP kunne vore droppa fordi det alt har vore testa gjennom ei obligatorisk innlevering. Sameleis har studentane fått beskjed om at patologi ikkje er tema i haust, men dei blei likevel prøvd i det til eksamen.

## Forslag til tiltak:

1. Gå over læringsutbytteformuleringane og sjå til at formuleringane er gode nok. Dessutan sørge for at det faktisk blir undervist i samsvar med læringsutbytteformuleringane.

2. Flytte lingvistikken til tidlegare i semesteret.
3. Lage ein slitesterk modell for korleis ein skaffar PBL-rettleiarar, slik at ein er garantert å ha nok rettleiarar kvart semester.
4. Ingen forslag til tiltak
5. Gå gjennom læringsutbytteformuleringane. Sjå om vi kan gjere litteraturlista lettare tilgjengeleg.
6. Samkjøre undervisinga betre med Hel 320
7. Vurdere endra rekkefølge på emna, for eksempel lingvistikk, nevrologi, nevroanatomni, ØNH, EBP.
8. Sørgje for at det er samsvar mellom læringsutbytteformuleringar og prøving. Vurdere å ta ut både fonetisk transkripsjon og EBP frå den avsluttande eksamenen, fordi studentane har blitt prøvd i det alt.